

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

september 2004

Årgang 14

---



*Anders Erik Røine er ein av Valdres' beste munnhørpespelemenn, og vann kongepokalen for spelet sitt under Landskappleiken i Ål i 1997. Han blir ein av utøvarane under munnhørpefestivalen 2004 på Fagernes, 24.–26. september.*

- Du som var i dugnadsgjengen i sommar, er gjest 29. oktober.
- Krullarkro – no ikkje berre på Strunkeveko!
- Munnhørpefestivalen 24.–26. september berre må du få med deg...

Les meir om dette og anna som skjer i Folkemusikk-Valdres!

# GODE LESAR AV LÅT O' LINK

Det er ei sann glede å vera leiar i Valdres Folkemusikklag i sumarsesongen! Oppgåva er å helse frå laget på arrangement, opne stemne, takke for at andre gjer jobbane, og gratulere alle som gjer storvegs innsats på kappleiksscenene og verkeleg set Valdres på kartet i Folkemusikk-Noreg! Om takken når fram til alle, det berre håpar eg på, for han kjem frå hjarta i Vfl-styret. For å gjera takken endå meir synleg og styrke miljøet vil det bli samankomst den 29. oktober. Her er de alle hjarteleg velkomne, alle som har teke eller ynskjer å ta sin arbeidstørn for tilskipingar, de som var på Landskappleik, Landsfestival, de som har entra kappleiksscena, og de som vil mimre nettopp fordi de var der.

Oi, her vart det eit definisjonsspørsmål: ”storvegs innsats på kappleiksscenene”. Alle veit at ikkje all storvegs innsats fører til fyrsteplassar. Difor er det viktig å presisere at det er innsats og mot til å stille på scenene som er storvegs! Resultatliste på trykk er ei sak. Kvar deltakar har si eiga resultatliste sett i høve til sine eigne forventningar og erfaringar. Slik er det nok med publikum òg, og som publikum kan ein ofte ha ei større oppleving med uttrykket hjå ein som ikkje toppar listene. Styret i Vfl har brukt litt tid på dette perspektivet og synest det er viktig å formidle det til dykk som ikkje fekk gratulasjonshelsing i posten frå oss, eller vart helsa av ordførar i heimekommunen. Som vår kjære styremedlem Trygve Bolstad så visleg seier det: ”Der det ikkje finst raklespelemenn, har eg heller aldri opplevd å finne nokon storspelemann.” Ein frodig underskog gir inspirasjon til heile miljøet!

Festivalsesongen er ikkje over. Like om hjørnet er munnhørpefestivalen, som skal vera på Fagernes 24.–26. september. Ta dykk ein tur dit for å oppleva ein unik konsert med eit ”enkelt” instrument. Om det er så enkelt, - ja, bli med på kursa laurdagen og sundagen og gjer deg opp di eiga meining om det.

Velkomne til fest, festival og fast feste i festleg miljø!



**Oddrun Hegge**

# DUGNADSKONSERT OG TAKKEFEST 29. OKTOBER

Er du av dei som hjelpte til under Hilme-stemnet og Strunkeveko i sommar? Styret i Valdres Folkemusikklag vil gjerne få takka deg ved å invitere deg til dugnadskonsert og takkefest på Slidrehuset fredag 29. oktober.

Konserten begynner kl. 19, og deretter blir det servert varm suppe. Etterpå kan du svinge deg i springaren til drivande god dansemusikk, til seine kvelden.

Valdres Folkemusikklag arrangerer festen i samarbeid med Vårflaumen spel- og dansarlag. Du er velkomen også om du ikkje var dugnadshjelp i sommar. Din tur kjem seinare! Utan alle dykk gode hjelparar var det uråd å arrangere lokal-kappleik og Hilme-stemne og Strunkeveko og Munnhørpefestival og Landskappleik osv. osv.!

*Beste helsing styret i Valdres folkemusikklag*

## KRULLARKRO

er eit nytt tilbod for unge folkemusikkdiggarar i Valdres. Alle under 14 som har vore på Strunkeveko, har lengta etter å få gå på Krullarkro – og alle over 14 veit at det er moro å vera der. No har du sjansen til å koma i Krullarkro-stemming også gjennom vinteren. Tredje fredag i oktober, november og desember er du velkomen til skulebygningen (den nedste bygningen på området) på Valdres Folkehøgskule, Leira.


Ole Aastad Bråten blir med og gir danserettleiing til dei som måtte ønskje det, og Kjellbjørn Karsrud er spelemann. Alle som reknar seg som ungdommar, er velkomne til dette nye, freske tilbodet i Valdres.

På nyåret blir det truleg ”helgestrunk” – med dans og spel og skihopp og slalåm. Du kjem vel?



# VELKOMNE TIL MUNNHØRPEFESTIVAL!

24.–26. september blir den tiande munnhørpefestival arrangert på Fagernes. Her var også den fyrste festivalen i 1995, og difor ville Norsk Munnharpeforum gjerne ha jubileumsarrangementet her.



Fredag opnar festivalen med konsert på Fagerlund Gjestegård. Valdresutøvarar og valdresspel pregar denne konserten. Utover kvelden blir det fritt spel i kvar ei krå.

Laurdag er det kurs både for nybyrjarar (John Melhus), for ungdom 12–18 år (Bernhard Folkestad), kurs i valdresspel (Rolf Karlberg), i arrangert samspel (Svein Westad) og i instrumentpleie/justering (Jakob Lavold).

**Kl. 19.30 er det JUBILEUMSKONSERT på Slidrehuset, Valdres Folkemuseum. Her blir dei store landsstjernene å høyre! Få med dykk denne opplevinga! Det blir munnhørpe musikk til dans utover kvelden.**

Festivalen held fram med kurs søndag. (Sjå elles omtale i siste Låt o' Link.)

Valdres Folkemusikklag er glad for å vera vertskap for dette jubileet. Det er mange valdrisar som har hørpe, og som spelar litt i eigne buskar. Håpet er at festivalen skal inspirere til vidareutvikling og rekruttering, og me ynskjer alle hjarteleg vel møtt til ei triveleg musikkhelg.



## FOLKEMUSIKKSCENA UTVIDAR!

Folkemusikkscena utvidar tilbodet, og har heile fire konserttilbod i haust. Her får du sjansen til å høyre Bruvoll og Halvorsen, Marit Mattisgard og Anders Erik Røine, Einar Olav Larsen og Gjermund Larsen. Sjå primstaven s. 6–7 for datoar.

Konsertane blir i Kjeller'n pub på Fagerlund Gjestegård, Fagernes, – alle på tysdagar kl. 19.30. Dørene opnar kl. 19.00. Etter konsertane blir det spel og dans for alle som vil. For denne herlegheita betaler du berre kr 100; ungdom kr 70. Velkomen!

---

## KVELDSOPE FOLKEMUSIKKARKIV !

Måndag 6. september starta vi med temakveldar på arkivet. Veslemøy Fjerdingstad var gjest og prata om ulike folkemusikkprosjekt i skule og barnehage i Buskerud. Dessutan song me. Frammøtet var ikkje så stort, me får skulde på kort frist og dårleg kunngjering, men no prøver eg å vera tidleg ute med datoane i haust.

Ope arkiv med vekt på lokal songtradisjon blir: Måndag 4. oktober kl. 19.00–21.00, og 1. november 19.00–21.00. 28. november kl. 15.00 blir det lokal jolemusikk under skarka på museet.

Så blir det langeleik 18. oktober, 8. november og 6. desember, alle dagar 19.00–21.00.

Folkemusikkarkivet er altså ope, og du er sjølvsagt velkomen om det er andre instrument eller tema du ynskjer å finne fram i.

Utstillinga om Torleiv Bolstad står i arkivet, og det er triveleg om du kjem innom, for å få hjelp med nytt stoff eller sjå på utstillinga og høyre musikk... Ta gjerne kontakt i førevegen, så eg kan finne fram stoff om det er noko spesielt du ser etter. Arkivet har telefon 61 35 99 32, og eg har mobil 900 45 834. E-post adressa er [elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no](mailto:elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no).

*Helsing Elisabeth Kværne*

**September**

|                   |  |     |  |
|-------------------|--|-----|--|
| Fredag 17.        | Fredagsdans                            | Vå  | Slidrehuset kl. 19.30                    |
| Sundag 19.        | Sundagsdans                            | ØS  | Spelemannstogo kl. 19                    |
| Måndag 20.        | Springarøving                          | ViO | Blåsalen kl. 19.30                       |
| Tysdag 21.        | Folkemusikkscena:<br>Bruvoll/Halvorsen | Vfl | Fagerlund kl. 19.30                      |
| Helga 24.–<br>26. | Munnhørefestival                       | Vfl | Fagernes gjestegård, Valdres Folkemuseum |
| Fredag 24.        | Opningskonsert                         | Vfl | Fagerlund Gjestegård kl. 20              |
| Laurdag 24.       | Jubileumskonsert                       | Vfl | Slidrehuset kl. 19.30                    |

**Oktober**

|             |   |            |                               |
|-------------|---|------------|-------------------------------|
| Fredag 1.   | Fredagsdans   | ØS         | Spelemannstogo kl. 20         |
| Måndag 4.   | Ope arkiv, song   |            | Valdres Folkemuseum kl. 19–21 |
| Måndag 4.   | Springarøving   | ViO        | Blåsalen kl. 19.30            |
| Fredag 8.   | Krullarkro  | Vfl        | Valdres folkehøgskule kl. 19  |
| Tysdag 12.  | Folkemusikkscena:<br>Marit Mattisgard og<br>Anders Erik Røine | Vfl        | Fagerlund kl. 19.30           |
| Laurdag 16. | Yngretreff  | ØS/Vå      | Skrautvål skule kl. 11        |
| Sundag 17.  | Sundagsdans   | ØS         | Spelemannstogo kl. 19         |
| Måndag 18.  | Ope arkiv,<br>langeleik                                       |            | Valdres Folkemuseum kl. 19–21 |
| Måndag 18.  | Springarøving   | ViO        | Blåsalen kl. 19.30            |
| Laurdag 23. | Oslokappleik  | ViO        | Nordahl Bruns g. frå kl. 11   |
| Fredag 29.  | Dugnadskonsert/<br>takkefest                                  | Vå/<br>Vfl | Slidrehuset kl. 19.30         |
| Laurdag 30. | Folkepøbb   | VS         | Fosheim Skystasjon kl. 21     |

**MEHANKEN**

v/Berit Selland og Marit Mattisgard inviterer ungar i alderen 2–6 år til song, dans og songleikar, i Volbu skule, gymsalen, kvar laurdag kl. 11.00–11.45. Gjester: Solveig Hårdnes, Kirsten Rolandsgard, Stian Roland ofl. Alle er velkomne, både nye og gamle. Start laurdag 11. september. Kr 10 pr. gong.



Arr.: Øystre Slidre Spel- og Dansarlag



# STAVEN

## November

|             |   |     |                               |
|-------------|---|-----|-------------------------------|
| Måndag 1.   | Ope arkiv, song                                       |     | Valdres Folkemuseum kl. 19–21 |
| Måndag 1.   | Springarøving   | ViO | Blåsalen kl. 19.30            |
| Tysdag 2.   | Folkemusikkscena:<br>Overrasking!                     | Vfl | Fagerlund kl. 19.30           |
| Fredag 5.   | Fredagsdans   | ØS  | Spelemannstogo kl. 20         |
| Måndag 8.   | Ope arkiv,<br>langeleik                               |     | Valdres Folkemuseum kl. 19–21 |
| Fredag 12.  | Krullarkro  | Vfl | Valdres folkeshøgskule kl. 19 |
| Måndag 15.  | Springarøving   | ViO | Blåsalen kl. 19.30            |
| Sundag 21.  | Sundagsdans   | ØS  | Spelemannstogo kl. 19         |
| Tysdag 23.  | Folkemusikkscena:<br>Einar Olav og<br>Gjermund Larsen | Vfl | Fagerlund kl. 19.30           |
| Laurdag 27. | Rakfiskkveld  | VS  | Røn gamle skule kl. 20        |
| Måndag 29.  | Springarøving   | ViO | Blåsalen kl. 19.30            |

## Desember

|             |                         |     |                               |
|-------------|-------------------------|-----|-------------------------------|
| Fredag 3.   | Fredagsdans             | ØS  | Spelemannstogo kl. 20         |
| Måndag 6.   | Ope arkiv,<br>langeleik |     | Valdres Folkemuseum kl. 19–21 |
| Fredag 10.  | Krullarkro              | Vfl | Valdres folkeshøgskule kl. 19 |
| Laurdag 11. | Storkonsert             | Vå  | Briskeby café kl. 20          |
| Måndag 13.  | Springarøving           | ViO | Blåsalen kl. 19.30            |
| Sundag 19.  | Sundagsdans             | ØS  | Spelemannstogo kl. 19         |

## ***Søknadsfrist Frifond-folkemusikk, 27 september***

Landslaget for spelemenn er gjennom Norsk musikkråd tildelt kr 413.758 til fordeling av tilskottsordninga Frifond.

Lokallaga søker på midlane til barne- og ungdomsverksemda si med ein stutt og grei informasjon om kva dei driv med/korleis dei driv.

Norsk musikkråd si fordeling av midlane tar utgangspunkt i talet på lag med minimum 1/3 av medlemsmassen under 26 år.

Det kan søkjast både generell driftsstøtte og aktivitetsstøtte.

Formålet med Frifond er å betre rammeføresetnadane for dei frivillige organisasjonanes medlemsbaserte virke *på lokalt nivå*.

Informasjonbrev er sendt ut til alle lokallaga.

# KURS I LAGA

## ***Begnaljom***

kjem nok i gang med speløvingar utpå hauste, både i Bjørkestubben og i Begnaljom spelmannslag, men har ikkje fastsett datoar enno.

## ***Valdreskvelven spel- og dansarlag***

har ikkje kome ned att tå støle enno, men truleg blir det samlingar for alle generasjonar slik det var i fjor vet.

## ***Valdreslaget i Oslo***

har nybyrjarkurs i valdresspringar måndagskveldar kl. 18–19.30 i Halli, Nordahl Bruns g. Instruktørar er Frode Rolandsgard og Silje Onstad Hålien. Fyrste gong 13. september, i alt ti kveldar.

## ***Vestre Slidre folkemusikk- og danselag***

skal ha langeleikøvingar på Vestre Slidre sjukeheim desse torsdagane: 15.10., 12.11. og 3.12. kl. 16.

## ***Vårflaumen spel- og dansarlag***

skal ha springarkurs, hallingkurs, toradarkurs, songkurs for ungar 5–10 år og feleøvingar i haust. Følg med – nærare opplysningar kjem på nettet og i avisa. Du kan òg kontakte Knut Aastad Bråten på tlf. 907 68 797.

## ***Øystre Slidre spel- og dansarlag***

har instruksjon i hardingfele annankvar torsdag frå kl. 19.00, samspel frå kl. 20.00. Datoane er: 23.9., 7.10., 21.10., 4.11., 18.11., 2.12., 16.12.

Mehanken blir kvar laurdag kl. 11 på Volbu skule. Lått o leven held fram, og laget har dessutan tilbod i langeleik, song og toradar. Kontakt Jorunn Nordli på tlf. 418 02 584 for meir informasjon, eller sjå annonse i avisa.





# TRYGVE BOLSTAD \ ALEIS

50-årspresangen frå Valdres Folkemusikklag kom til 60-årsdagen. Etter ti år med førebuingar vart den første soloplatå til Trygve presentert på Hilme-stemnet. Her spelar Trygve glitrande godlåtar, og det er også med ein liten musikkvideo om Trygve. Plata inneheld alt frå evergreens til runddansar...

Les meir om plata og Trygve på [www.talik.no](http://www.talik.no)

---

## NY PLATE FRA ASKERLADDEN

»Tettbygd strøk« er tittelen på den nye plata fra gammeldans-gruppa AskerLadden. Cd-en inneholder egenproduserte låter signert Tronrud og Bjørgo, deriblant finalelåtene fra kappspell 2003. Gruppa består av helvaldriser og halvvaldriser, samt en gudbrandsdøl og en askerbøring. Besetningen er to trekkspill – Olav Tronrud og Ingunn Bjørgo, vidare Asle Tronrud på hardingfele, Åsmund Bakken på gitar og Bjørn Kise på bass.



Repertoaret består av mye gammeldans, men også bruremarsjer, pols og en ril har fått plass denne gangen. Plata er til salgs på [www.askerladden.no](http://www.askerladden.no), eller elektronisk på [www.musikkonline.no](http://www.musikkonline.no). Smakebiter fra plata kan høres på [www.musikkonline.no](http://www.musikkonline.no) Etter hvert kommer den også ut i butikkene i Valdres.

# FOLKEMUSIKK I MØTE MED KLASSISK MUSIKK!

Valdres Folkemusikkgruppe arbeidde i vår med eit spanande «forskningsprosjekt». I samarbeid med Eivind Dølerud og Valdresstrykerne, og stipendiat ved Universitetet i Oslo Håvard Skaadel, bana Valdres Folkemusikkgruppe vegen for eit nytt musikalsk uttrykk innanfor den arrangerte folkemusikken og kasta samstundes nytt lys over vår eigen folkemusikk. Arbeidstitelen for prosjektet var »Valdres midt i Europa», og konsertane som prosjektet resulterte i, fekk tittelen «Fem land, fem historier og fem melodiar». Målet med prosjektet var å finne fram til eit felles europeisk melodimateriale som både har vore sentrale i folkemusikken i Valdres, og som seinare utvikla seg meir mot den klassiske sjangeren.

Fem kjende valdresmelodiar, ”Brumbasken i bumba”, ”Bro Bro Brille”, ”Nattergalvisa”, songen om ”Skjønnjomfruen og greven” og den kjende salmen ”Den som mig føder det er Gud min Herre”, var dei melodiane prosjektet fordjupa seg i. Og ikkje overraskande fann me dei same variantane både i Tyskland, Italia og Frankrike. Men det å setja desse variantane saman var både nytt og spanande.



*Nett som me har lånt akantusranka frå europeisk kultur, har me fått mykje av det musikalske materialet frå andre europeiske land. Men deretter har me forma musikken til vår eigen.*

Prosjektet minte om at me og musikken vår står i ein større geografisk og kulturell samanhang. Nokre drista seg til å spørja kva det no er att av folkemusikken frå Valdres. Men musikken som er forma i Valdres, har vorte prega av lokal musikktradisjon, og står fram med sin tydelege eigenart og sin klare identitet.

*Ole Aastad Bråten*

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løstre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langslegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidsiendomar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

Returadresse:  
Valdres folkemusikklag,  
Tynvegen 27,  
2900 Fagernes

## Nyttige navn og nummer

| Lag                                     | Leiar/kontaktperson  | Telefon         | Mobiltelefon | E-post                              |
|---|----------------------|-----------------|--------------|-------------------------------------|
| Begnaljom spel- og dansarlag            | Stein Ivar Øvergård  | 61 34 70 05 (p) | 913 66 177   |                                     |
| Etnedal spel- og dansarlag              | Bergljot Hedda Lunde |                 | 907 38 788   | bhedda@hotmail.com                  |
| Valdreskvelven spel- og dansarlag       | Kari Hagaseth        | 61 36 82 27 (p) | 988 57 553   |                                     |
| Valdreslaget i Oslo                     | Elisabeth Bring      | 22 13 79 64 (p) |              | elisabeth.bring@c2i.net             |
| Vestre Slidre spel- og danselag         | Astrid Olga Bråten   | 61 34 33 14 (p) | 900 64 316   | astrid.braaten@sensewave.com        |
| Vårflaumen spel- og dansarlag           | Knut Aastad Bråten   |                 | 907 68 797   | lauskar@hotmail.com                 |
| Øystre Slidre spel- og dansarlag        | Jorunn Nordli        | 61 34 22 66 (p) | 418 02 584   | jorunn.nordli@posten.no             |
| Valdres Folkemusikklag                  | Oddrun Hegge         | 61 36 56 52 (p) | 920 32 228   | audrun@frisurf.no                   |
| Jørn Hilde-stemmet                      | Ola N. Døvre         | 61 36 36 72 (p) | 911 23 185   | ola.dovre@tiscali.no                |
| Strunkeveko                             | Aud Søyland          | 61 36 25 56 (p) | 990 37 584   | aud.soyland@eurnet.no               |
| I Valdrestakt/Krullarkro                | Ole Aastad Bråten    |                 | 907 63 635   | aastadguten@hotmail.com             |
| Vfi og Jørn Hilde-stemmet, dagleg leiar | Solveig Hårdnes      | 61 36 46 71 (a) |              | vfi@sensewave.com                   |
| Strunkeveko, dagleg leiar               | Sian Roland          | 61 36 46 71 (a) | 994 48 486   | leiar@strunkeveko.com               |
| Valdres folkemusikkarkiv                | Elisabeth Kværne     | 61 35 99 32 (a) | 900 45 834   | elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no |
| Landslaget for Spelmenn                 | Randi Skeie Ljones   | 61 26 10 42 (p) | 995 22 538   |                                     |
| LIS, dagleg leiar                       | Magnar Sundt         | 22 42 45 30 (a) | 950 85 647   | lis@folkemusikk.no                  |

# B

NORGE



P.P.



DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE